



Saksframlegg

Søknad om tilskot frå næringsfondet frå Silva Consult AS

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet.

Vedlegg i saka:

- Søknad frå Silva Consult As, journalført 24.11.2016
- Mail frå Fyresdal kommune, datert 04.01.2017

Bakgrunn for saka:

Silva Consult AS søker om tilskot frå næringsfondet for bedriftsutvikling og marknadsføring for å kunne kome i posisjon for å tilby konsulenttenester utanfor nærområda.

Selskapet har tre tilsette med omlag 2 årsverk. Ein av dei tilsette er midlertid tilsett.

Målet i løpet av 2017 er å opparbeide ei større kundeportefølje. Slik at selskapet kan auke talet på tilsette.

Det langsiktige målet for selskapet er 4-6 fast tilsette og ein omsetning på 6-7 millioner i året.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 – 2020 der det heiter; Spesilet fokus på etablerte verksemder i utvikling og arbeide for Fyresdal som etableringskommune.

Selskapet har i dag primært oppdrag innan offentleg sektor regionalt/lokalt. Delprosjekt knytt til det regionale By-region prosjektet 2016/17, bioøkonomiprojekt 2016, løpande avtaler med FN Eigedom AS og Fyresdal næringshage AS om dagleg leing og drift etc.

Selskapet har tilsette med god erfaring innan marknadsføring, salg og kunnskapsbase innanfor bioøkonomi og ynskjer og å tilby tenestar innan bedriftsutvikling. Gjennom tilskot som er gitt Fyresdal næringshage har verksemda også kunne gitt tilbod internt for verksemder som ynskjer å etablere seg i Næringshagen.

Verksemda ynskjer å posisjonere seg for vekst og vil bruke sin eigen kompetanse for å gjere dette, men er og i dialog med reklamebyrået Edison Wolfram i Porsgrunn. Estimert pris for visuell profil og ei enkel nettside er 60.000 kr. Arbeidsprosessen er delt opp i fem faser fordelt på aktivitetar, kostnadar og mål.

Finansieringsplan er som følgjer:

- Eigenkapital	10.000
- Eigeninnsats	40.000
- Tilskot frå Fyresdal Kommune	50.000
- Totalt	100.000

For å skape den verksten verksemda ser for seg må dei posisjonere seg i eit større geografisk område enn der dei er i dag. At dei nye terskelverdiane for offentlege innkjøp har auka frå tildegare 0,5 mill. kr til nå 1,1 mill. kr gjer til at mange prosjekt som kunne vore aktuelle for verksemda å vere med å rekne på ikkje blir kjent for dei via Doffin-basen. Mange prosjekt som ligg i prisklassa under 1,1 mill. kr vil nå lettare bli tildelt tilbydarar som alt frå før har rammeavtale med bestillar. Det er difor viktig at verksemda da er tidleg ute med marknadsføring, slik at dei kan bli vurdert som aktuelle tilbydarar når bestillar ynskjer å vurdere firma som er aktuelle å gjere rammeavtale med.

Det er ingen tvil om at verksemda nå gjer rett i å vende seg ut over regionen for å skaffe nye oppdrag for å sikre eksisterande stillingar og få til nye stillingar.

Silva Consult AS har gjennom tilskot frå Fyresdal kommune til Fyresdal Næringshage fått gratis kontor i eitt år som kan reknast som ei etablerarstøtte. Silva Consult AS har og via tilskot frå Fyresdal kommune til Fyresdal næringshage fått oppdrag for dei.

Fyresdal kommune vil gjennom Fyresdal næringshage halde fram med å gje tilskot til utvikling av Næringshagen også i 2017 og gir også midlar til omstillingskommuneprogrammet. Desse to tilskota til saman reiser med mykje av næringsfondet til kommunen for i år og restmidlane bør prioriterast til andre bedrifter utanfor Næringshagemiljøet for etablering eller vekst, men og kunne brukast som ekstra midlar dersom omstillingskommuneprogrammet avdekker behov for det.

Rådmannen meiner Silva Consult AS er i målgruppa for tilskota kommunen gir til omstillingskommuneprogrammet og utviklingsstøtte til Fyresdal næringshage. Silva Consult AS bør difor vende seg hit for å kunne få hjelp til vidare utvikling av verksemda.

Konklusjon:

Silva Consult AS får ikkje eige tilskot frå Fyresdal kommune som omsøkt, men kan ha ein dialog med Fyresdal Næringshage eller omstillingskommuneprogrammet om moglege hjelp til si bedriftsutvikling.

Innstilling frå rådmannen:

Silva Consult AS er i målgruppa for tilskota kommunen gir til omstillingskommuneprogrammet eller utviklingsstøtte gitt til Fyresdal Næringshage. Søknaden om direkte tilskot frå næringsfondet blir difor avslått.

Ketil O. Kiland	
rådmann	